



GEBYRREGULATIV ETTER MATRIKKELLOVA OG EIGARSEKSJONSLOVA FOR 2017

KST vedtak 15.12.2016, sak 78/16

GEBYR FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA

Matrikkellova vart sett i kraft 01.01.2010 og avløyste frå same dag delingslova. Rekvisisjonstidspunkt er rekna som tidspunkt når komplett rekvisisjon føreligg.

Gebyr for utskrift av matrikelbrev er fastsett i forskrift § 16,4. Dei oppgåvene det ikkje er gjeve heimel for å krevja gebyr er nemnt i forskrift § 16, 2-3. Kommunen er med matrikkellova pålagt utvida undersøkingsplikt og sakshandsamingsrutinar. Matrikkellova legg til grunn at kommunen kan få dekkja sine samla utgifter for oppgåver etter lova gjennom dei gebyrheimlane lova gjev.

1.1	Oppretting av matrikkeleining	
1.1.1	Oppretting av grunneigedom og festegrund Areal frå 0 – 500 m ² Areal frå 501 – 3000 m ² Areal frå 3001m ² + timepris for feltarbeid over 7 timar→ Punktfeste der markarbeid er nødvendig Punktfeste der markarbeid ikkje er nødvendig Punktfeste skal merkast med bolt der det ikkje er eksisterande bygning. Ved samstundes oppmåling av tilgrensande matrikkeleiningar, vert det gjeve reduksjon i gebyret pr sak: 6 – 10 saker: 20 % reduksjon 11 – 25 saker 25 % reduksjon 26 og fleire saker: 30 % reduksjon	10 830 kr 21 630 kr 21 630 kr 10 830 kr 4 300 kr
1.1.2	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn Fakturering etter medgått tid. Minstegebyr (harmonisert mot 1.1.5)	3 470 kr
1.1.3	Oppmåling av uteareal pr. eigarseksjon Areal frå 0 - 50 m ² Areal frå 51 - 250 m ² Areal frå 251 - 2000 m ² Areal frå 2001 m ² - aukeing pr påbegynt da	6 800 kr 8 590 kr 10 830 kr 750 kr
1.1.4	Oppretting av anleggseigedom Volum frå 0 – 2000 m ³ Volum frå 2001 m ³ – auke pr. påbegynt 1000m ³	18 430 kr 1 450 kr
1.1.5	Registrering av jordsameige Fakturering etter medgått tid. Minstegebyr.	3 470 kr

1.2	Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering Dersom ei sak vert trekt før ho er fullført, må avvisast, f.eks på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan fullførast og der kommunen ikkje kan lastast., kan kommunen krevja inntil 1/3 gebyr for fullført sak.	
1.3	Grensejustering (samla areal i ei sak frå same rekviert.)	
1.3.1	Grensejustering av grunneigedom, festegrund og jordsameige Areal frå 0 – 250 m ² Areal frå 251 – 500 m ² Areal frå 501 m ² -	7 200 kr 9 430 kr 10 830 kr
1.3.2	Grensejustering av anleggseigedom Volum frå 0 – 250 m ³ Volum frå 251 – 1000 m ³	7 200 kr 9 430 kr
1.4	Arealoverføring	
1.4.1	Arealoverføring av grunneigedom, festegrund, jordsameige Areal frå 0 – 500 m ² Areal frå 501 – 3000 m ² Areal frå 3001m ² + timepris for feltarbeid over 7 timar→	10 830 kr 21 630 kr 21 630 kr
1.4.2	Arealoverføring av anleggseigedom Volum frå 0 – 2000 m ³ Volum frå 2001 m ³ - auke pr. påbegynt 1000m ³	18 430 kr 1 450 kr
1.5	Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatfesta For inntil 3 punkt For overskytande grensepunkt, pr. punkt	3 590 kr 1 100 kr
1.6	Klarlegging av eksisterande grense og/eller rettar der grensa ikkje tidlegare er koordinatfesta For inntil 3 punkt For overskytande grensepunkt, pr. punkt	10 830 kr 1 450 kr
1.7	Privat grenseavtale, eksisterande grense Fakturering etter medgått tid Minstegebyr (Harmonisering mot 1.1.5)	3 470 kr
1.8	Gebyr etter medgått tid Målelag i felt pr time Landmålar i felt pr time Kontorarbeid pr time Mva for tenester som ikkje er lovpålagt	1 650 kr 1 170 kr 820 kr
1.9	Betalingsreglar Gebyr skal betalast etter reglar og satsar på rekvisisjons-tidspunktet. Registrert eigar/registrert festar er ansvarleg for at gebyret vert betalt, men staten, fylkeskommunen eller kommunen er ansvarlege i saker dei har rekviert. Gebyr kan betalast etterskotsvis. Gebyr kan og krevjast inn forskotsvis. I særlege tilfelle kan rådmannen etter søknad redusera gebyret.	

1.10	Utskrift av matrikkelbrev (gjeld ikkje for saker som er tilknytt oppm. forretning med fullføring innan frist) Matrikkelbrev inntil 10 sider Matrikkelbrev over 10 sider Satsane vert fastsett av Statens kartverk, jmf m.forskr. § 16 pkt.4	205 kr 420 kr
1.11	Andre utlegg Utlegg til tinglysingsgebyr, eventuell dokumentavgift, pantefråfall og utskrifter ut over det kommunen har fri tilgang til, kjem i tillegg til gebyr for den einskilde forretning. Grenseboltar pr stk	82 kr

GEBYR FOR ARBEID ETTER EIGARSEKSJONSLOVA

1.12	Seksjonering og reseksjonering Sak som krev synfaring: 5 rettsgebyr Sak som ikkje krev synfaring: 3 rettsgebyr	
------	---	--

FORSKRIFT OM FRIST I SAKER SOM KREV OPPMÅLINGSFORRETNING I VOSS KOMMUNE

Fastsett av Voss kommunestyre 13.12.12 sak 93/12 med heimel i forskrift 26. juni 2009 nr. 864 om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) § 18 tredje ledd.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å forlenge sakshandsamingsfristen på 16 veker i månader der snø og vinterstengde vegar kan hindra gjennomføring innan fristen.

§ 2 Utsett tidsfrist for gjennomføring av oppmålingsforretning

Når klimatiske forhold tilseier det, vert tidsfristen som er fastsett i matrikkelforskrifta § 18 første ledd ikkje gjeldande i perioden **15 novembar til 15. april**, fastsett av Voss kommunestyre 25.10.12, sak 79/12.

I dei delar av kommunen der nødvendige tilkomstvegar er vinterstengde etter 15. april, tek ikkje tidsfristen til å gjelda før vegane er opna etter vinterstenging.

§ 3 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 01.01.2017